

EIDASONG

TIL EID, HEIMSTADEN

C F Em Cmaj7 Am Em
Man-ge ferd-ast i land og len-de med ei vekt-skål i o-pe sinn,
Dm G7 Am G D7 G
8 ein kan und-rast og tvi-le of-te, men ein en-ke tan-ke vinn:
Am Fmaj7 Em F G Em
16 Vi vil bu her i vest-er-land-et der kor tind-a-ne møt-er fjord
C Fmaj7 E Am C G C
24 og ei vind-har-pe syng oss den e-vi-ge song, fa-der fjell og mo-der jord.

----- INTRO -----

Mange ferdast i land og lende / med ei vektskål i ope sinn,
ein kan undrast og tvile ofte, men ein enkel tanke vinn:

**Vi vil bu her i vesterlandet der kor tindane møter fjord
og ei vindharpe syng oss den evige song, fader fjell og moder jord.**

Her er noko med Eid og Gata, tidleg tufta på gard og naust.
Her er noko med Gamlebanken, som gir rentefritt og raust.
Her er noko med stein og murar / når naturkrefter drønner inn.
Her er noko med lam på beite / og ein fjording ved ei grind.

**Vi vil bu her i vesterlandet der kor tindane møter fjord
og ei vindharpe syng oss den evige song, fader fjell og moder jord.**

Her er noko med Rundehogjen / og ei soge som følgjer får
over enger blant folk og frendar / i ei tid som er og var.
Her er noko med desse åsar / slik dei strekk seg mot himmelrand
og glir over i von og velde / som ei trygg og varleg hand.

**Vi vil bu her i vesterlandet der kor tindane møter fjord
og ei vindharpe syng oss den evige song, fader fjell og moder jord.**

Her er noko med dugnadsånda / og at Plassen er meir enn plass;
han er open for gode krefter / med eit romsleg folkepass.
Her er noko med sal og scene, tonar løfta på trolldomsvis.
Kvart eit skinande eida-hjarte / kling av elskhug og eksis.

**:/ Vi vil bu her i vesterlandet der kor tindane møter fjord
og ei vindharpe syng oss den evige song, fader fjell og moder jord. :/**

LYDFIL PÅ NETT:

Kort intro, alle vers
slik det står her, siste
refeng to gonger.

freddie

www.visemakeriet.no